



Rosendal 28. januar 2015

info:

## MEDLEMSKONTIGENT

[Til alle Rosendal Turnlag medlemmar \(TL\).](#)

Rosendal TL har frå og med i år gått over til nytt medlemsregistreringssystem. Systemet som heiter SuperInvite, er online-basert, og skal hjelpa oss med såvel medlemsregistrering som kontigentinnbetaling.

**Alle som er med på aktiviteter i Rosendal TL skal betale medlemskontingent for det driftsåret dei er med. Medlems- eller årskontingenten er ei viktig inntektskjelde for laget og er avgjerande for å kunna tilby dei ulike aktivitetane til medlemane. Når medlemskontingenten er betalt, kan du fritt delta på alle aktivitetane i laget (dvs. inga treningsavgift kjem i tillegg).**

### Gjeldande kontingent er;

Lagleiar/trenar/styremedlem	- kr 50.-
Støttemedlem	- kr 250.-
Barn u/8år	- kr 350.-
Barn u/17år	- kr 550.-
Alle o/17 år	- kr 950.-

### KONSEKVENNS AV IKKJE Å BETALA

*"RT kan ta medlemskap frå medlem som etter purring ikkje betalar fastsett medlemskontingent. Medlem som skuldar kontingent for 2-to år taper automatisk sitt medlemskap i RT og skal strykast frå laget si medlemsliste. Medlem som har tapt sin medlemskap kan ikkje takast opp att som medlem før skuldig kontingent er betalt (RT sine vedtekter, § 3 Medlemer - pkt. 6)."*

Når kontingenten ikkje er betalt, eller du har tapt medlemskapet, så kan du heller ikkje delta på aktivitetar i regi av RT, dvs. ikkje vera med på kampar, cupar, stemner, osv.

Om du ynskjer å melda deg ut av laget, så skal dette skje skriftleg (brev/epost) til styret i laget (jfr. RT sine vedtekter, §3 Medlemer - pkt. 5).

Om du av ulike grunnar er i ein situasjon som gjer det vanskeleg for deg å betala medlemskontingenten, kan du ved skriftleg søknad (brev/epost) be styret om reduksjon eller fritak av medlemskontingenten.

Mvh  
Rosendal Turnlag  
v/styret

P. boks 7, 5486 Rosendal, ePost: [rosendal@folgefonn.net](mailto:rosendal@folgefonn.net)